



Meland kommune

Fylkesmannen i Hordaland
Helse- og sosialavdelinga
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2089 - 17/20945

Saksbehandlar:

Arngunna Haga

arngunna.haga@meland.kommune.no

23.10.2017

Melding om tilsyn 2017 - Nav Meland kommune

Vedlagt følgjer dokumentasjon Fylkesmannen har bedt om i høve tilsyn 21. og 23.- november 2017.

Vi ynskjer kort å gjere greie for korleis NAV Meland møter utfordringane som Fylkesmannen vil føre tilsyn med.

I NAV Meland er det per 13.10.17 registrert 42 ungdommar i aldersgruppa 17-23 år (født etter 01.01.94). NAV grupperer arbeidssøklarar etter kva innsatsbehov NAV vurderer at dei har. I Meland har vi registrert 26 personar med standard eller situasjonsbestemt innsats og 16 med spesielt tilpassa innsats. Av dei 16 med spesielt tilpassa innsats har 13 personar arbeidsavklaringspengar. I ovannemnde tal er det ikkje tatt med personar med varig nedsett arbeidsevne som har fått eller er ferdig avklart mot uføretrygd. Vidare er det ikkje tatt med busette flyktningar som er i introduksjonsprogrammet og såleis ikkje enno er registrert som arbeidssøklarar. I 2017 har vi hatt 21 personar i aldersgruppa som har søkt sosialhjelp.

Arbeidsløysa blant ungdom i Meland har tradisjonelt vore høg. Arbeid med ungdom er svært viktig og er nedfelt både i kommunale og statlege føringar. Vi ynskjer at den enkelte i møte med NAV skal få ei forventning til seg sjølv og setje sine egne mål. Vi håpar dei opplever at NAV Meland er ein konstruktiv samarbeidspartnar og at dei kjenner at vi heiar på dei i innsatsen deira med å nå egne mål. Vi stiller krav, vi utfordrar og vi støttar den enkelte.

Det å falle utanfor arbeidslivet i ung alder kan ha alvorlege konsekvensar både for den einkilde og for samfunnet. Det er viktig at tilbodet NAV gjev bidreg til at unge ikkje vert ståande utanfor arbeidslivet. Vi må kontinuerleg og kritisk vurdere om den innsatsen NAV gjev «ungdomsgruppa» bidreg til å hindre utanforskap då vi veit at oppfølging, arbeidsretta tiltak og ytingar og kan ha motsett effekt. Det er og viktig at tenestene våre og krava vi stiller ikkje hindrar ungdom som treng tenestene våre i å kontakte NAV.

Vi veit og at det er mange ungdommar i aldersgruppa Fylkesmannen fører tilsyn med som ikkje er i arbeid, arbeidsretta aktivitet eller skule og likevel ikkje er registrert i NAV. I 2014 vart det i ein FAFO- rapport rekna at såkalla familieforsørga NEET «not in education, employment, or training» (18-30 år) utgjer 40 000 personer i Norge (rundt 4 000 i Hordaland). «NEET-ungdommane» er forsørgja av familien og ikkje

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

registrert i noko offentleg system. Vi veit ikkje kor mange «NEET-ungdommar» det er i Meland. Vi vil likevel tru at vi fangar opp ein del då vi har eit tett samarbeid med OT/PP i Nordhordland om dei som sluttar i vidaregåande skule. Høg arbeidsløyse blant ungdom i Meland kan og indikera at det er fleire som faktisk registrerer seg på NAV i denne kommunen samanlikna med andre kommunar.

NAV Meland vurderer det som viktig at unge så raskt som mogeleg kjem i arbeid eller tilbake til skule/utdanning. Vi ynskjer ikkje at ungdom skal vera passive mottakarar av ytingar. Det er viktig at ungdomen kjem raskt i gang med å søkje arbeid og får avklart kva som skal til for at den einskilde skal lukkast med å få og bli ståande i arbeid. Vi stiller krav om aktivitet og vi fylgjer ungdom tett.

Vi har tre personar som arbeider med ungdom under 30 år. Ein tilsett arbeider med «jobbstrategien», ungdom under 30 år som mottek arbeidsavklaringspengar. To tilsette har oppfylging av alle som er registrert i NAV under 30 år uavhengig av yting i tillegg til sakshandsaming etter Sosialtjenesteloven.

Vi har ei eigen satsing «Ung jobb» der ungdom kan delta kvar tysdag frå 09.00-12.00. Her blir det lagt vekt på jobbsøking og anna rettleiing med tanke på jobb og eventuelt vidare skulegong. Det er viktig å få ungdomen vidare i arbeid, arbeidsretta aktivitet eller tilbake til skule/utdanning. Vi vert godt kjent med ungdomane gjennom «Ung jobb» og det vert tidleg avdekka om ungdommen har trong for andre tenester og utover det NAV kan tilby.

Vi har to tilsette som driv «Ung jobb». Vi krev at ungdom som mottek sosialhjelp skal møte på «Ung jobb». Vi gjennomfører aktivitetsplikt.

Dersom det ikkje er aktuelt eller vanskeleg å finna høvelege statlege tiltak i regi av NAV, har vi og tiltak i kommunal regi der ein kan arbeide i «Aktiv jobb». Her kan ungdomen arbeide for ytinga si og på den måten verta klar for arbeid eller anna arbeidsretta aktivitet. «Aktiv jobb» har tilbod tre dagar kvar veke. «Aktiv jobb» er eit lågterskeltilbod der det gjeld å få folk i gang. Vi har ein tilsett som fylgjer kandidatane i dette arbeidet.

1. Organisasjonskart eller anna som viser ansvar, mynde og oppgåver innan det aktuelle området. Vedlagt fylgjer organisasjonskart frå NAV Hordaland og frå Meland kommune der ein finn NAV Meland si plassering i desse. Fylkesmannen er kjent med hovudorganiseringa i NAV der det einskilde NAV kontor har ei statleg og ei kommunal styringsline.

Vedlagt finn ein og organisasjonskart for NAV Meland. NAV Meland har flat organisasjonsstruktur med ingen mellomleiarar.

2. Delegasjonssystem/-reglement. Vedlagt fylgjer delegasjonsreglement frå Meland kommune og frå NAV Hordaland.
3. Samarbeidsavtale mellom Meland kommunen og NAV Hordaland. Vedlagt fylgjer kopi av avtale inngått 2012. Rus vart etter dette organisert i eigen eining utanfor NAV.

4. Personell på alle nivå med ansvar for tenestene tilsynet omfattar:

Namn	Stilling	Stillingsbrøk	Arbeid med ungdom	Tilsett frå ca.	Utdanning
Arngunna Haga	Leiar	100		13.10.14	Økonomi og administrasjon U-landsstudiet
Maren Eide	Rettleiar/ sosialkonsulent	100	Ung jobb	01.10.15	Jurist
Laila Engelsen	Rettleiar	100	Jobb- strategien AAP under 30 år	01.10.09	Sosiologi og veiledning
Marianne Osa	Rettleiar/ sosialkonsulent	60 (20% fast + 40% vikar)	Ung jobb	20.08.16	Barne – og ungdomsarbeider Sosionom
Cato Danielsen	Rettleiar/ sosialkonsulent	70	Aktiv jobb Jobb for sosialhjelp	01.09.07	Barnevernspedagog
Mariken Wedervang	Rettleiar/ sosialkonsulent	100	Aktiv jobb	15.08.16	Jurist

5. Eventuell vurdering av sårbarheit eller evaluering innanfor området som er gjort siste to år.

Vi viser til innleiing der vi kort skildrar arbeidet vårt, utfordringane våre og dei dilemma vi står i. NAV Meland er eit lite kontor og såleis sårbare ved fråvær. Vi skil lite på statlege og kommunale oppgåve, men har organisert oss slik at vi best skal møte samfunnsoppdraget. Vi har ein flat struktur med ingen mellomleiarar. Vi arbeider i team og kan overlappa for kvarandre. Dette gjer at vi etter vår vurdering er eit robust kontor.

Vedlagt fylgjer resultat frå Ung jobb som vart lagt fram for NAV fylke på tertialoppfylgingsmøte i februar 2017. Vi legg og ved utskrift av målekort per september 2017. Dersom Fylkesmannen ynskjer resultat frå styringspakken kan vi gå gjennom denne på møtet.

6. Eventuelle skriftlege prosedyrar/rutinar/retningslinjer som gjeld sakshandsaming av søknader om økonomisk stønad og opplysning, råd, rettleiing.

Vedlagt fylgjer rutinar for sakshandsaming av søknader om økonomisk stønad og opplysning, råd, rettleiing.

7. Eventuelle avtalar om samarbeid mellom NAV og andre tenester som gjeld den aktuelle brukargruppa.

- Vi tilhører tenesteområde Nordhordland i NAV. Leiar sit i leiargruppa i tenesteområdet. Arbeid med ungdom er eit av satsingsområda til NAV og er på sakslista så å seie kvart møte.
- Vi har eige ungdomsnettverk i NAV i Nordhordland. Møte ein gong i månaden.
- Samarbeidsavtale mellom NAV og fylkeskommunen. Ungdomskontaktane har i tråd med denne faste møte med oppfølgingstenesta i fylkeskommunen ein gong kvar måned. Vi har møte med brukar saman med oppfølgingstenesta når det er trong for det.
- Vi tilhører ungdomsnettverk for alle som arbeider med ungdom i NAV i Hordaland. Møte om lag to gonger kvart år.
- Vi er ein del av ulike grupper i Meland kommunen mellom anna kommunen sitt eige kriseteam og «Knutepunktgruppa» som er kommunen si satsing mot barnefattigdom.
- Vi har samarbeid med kulturavdelinga i Meland kommune og med Meland Aktiv om «Aktiv jobb».

8. Dokument som viser oversikt tal på klagar og eventuelle avgjerder frå Fylkesmannen for 2016 og 2017.

Eit av vedtaka vart oppheva av Fylkesmannen.

9. Oversikt over avvik.

Ikkje registrert avvik siste 2 år

10. Opplysningar om rutinar og aktivitetar som inngår i leiinga si oppfølging og gjennomgang av styringssystemet.

Struktur:

- Vedtaksmynde på vedtak søknader om økonomisk stønad og opplysning, råd, rettleiing er lagt til leiar for NAV Meland. Det er vedtaksmøte om lag kvar veke der enkeltsaker vert drøfta. Alle sakshandsamarar innan sosial møter. Her møter og gjeldsrådgjevar.
- Vi har kontormøte annankvar veke der alle tilsette ved kontoret møter.
- Leiar ved NAV Meland er ein del av Rådmannen i Meland kommune si leiargruppe. Vidare er leiar ein del av Tenesteområde i NAV Nordhordland si leiargruppe der NAV-leiarane i dei sju nordhordlandskommunane møter.
- NAV si verksemd er styrt av kommunale føringar nedfelt i kommuneplan og i statlege føringar og prioriteringar nedfelt i mellom anna årlege mål og disponeringsbrev.

Nær samtlege innbyggjarar som søker om økonomisk stønad i aldersgruppa Fylkesmannen fører tilsyn med er registrert som arbeidssøkjjarar. For å få god oversikt over ungdommane har NAV sentralt innført eigen oversikt over ungdommane i «Styringsverktøyet». Styringsverktøyet gjev god oversikt. Dersom det er interessant for Fylkesmannen kan vi presentere dette under tilsynet.

11. Opplæringsplan eller liknande.

Den viktigaste læringa er i arbeid, i møte med brukar og gjennom sakshandsaming. Det meste av opplæring er etter «skulder ved skulder»- metoden. Den einskilde sakshandsamar har tid til å drøfte saker etter kvart. Vidare er det vedtaksmøte om lag ein gong i veka der enkeltsaker vert teke opp og tema av meir prinsipielle karakter drøfta. Vi drøftar og saker med sakshandsamarar ved andre kontor.

Det skjer ein del endringar i NAV og vi må sikre at alle får kjennskap til lovendingar og tar i bruk nye verktøy og arbeidsmetodar. Det er innført nye «Tenestepakkar» og innført endringar i Modia/ «Ditt NAV» og digital aktivitetsplan. Vi deltar på felles opplæring i tenesteområdet Nordhordland. I tillegg må vi ta endringane ned på vårt kontor og sikre endringane vert gjennomført og verktøy teke i bruk.

Årleg vert det gjennomført ein fagdagar for alle tilsette ved NAV Meland. Vidare deltek vi på felles fagdagar i tenesteområde Nordhordland innan marknadsarbeid, ungdomssatsing, psykisk helse og liknande.

NAV sentralt starta eit arbeid med å forbetra brukarmøta i NAV. «Veilederplattformen» blei innført. NAV Meland er ein del av denne satsinga og to tilsette har i denne samanheng utdanna seg til rettleiar og har leia eigne «veiledergrupper» ved kontoret. Fleire tilsette har vidareutdanning innan rettleiing.

Våren 2017 hadde tenesteområdet Nordhordland eigen temadag med Fylkesmannen om bl.a. aktivitetsplikta etter § 20 a. Alle tilsette som arbeider med sosialfaglege spørsmål i tenesteområde Nordhordland vart invitert.

Individuelle kurs:

Vi deltar ofte på Fylkesmannen sine seminar og har deltatt/ skal delta på økonomisk samarbeidsforum, barnefattigdom, spillavhengighet, ulike samlingar om flyktingar og liknande. Tilsette deltar på ulike samlingar i regi av mellom anna NAV, Fylkesmannen og Imdi alt etter kva den einskilde arbeider med.

12. Andre dokument kommunen meiner kan vere relevant for tilsynet.

Informasjon om «Ung Jobb» med avtale for deltakar

Delegasjonsreglement frå NAV Hordland vert ettersendt.

Med helsing

Martin W. Kulild
Rådmann

Arngunna Haga
Leiar Nav

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

1. Organsasjonskart NAV i Hordaland
2. Organisasjonskart Meland kommune
3. Organisasjonskart NAV Meland
4. Delegasjonsreglement Meland kommune
5. Subdelegasjonsreglement Meland kommune
6. Samarbeidsavtale mellom Meland kommune og NAV Hordaland
7. Resultat frå Ung jobb
8. Målekort per september 2017
9. Skriftlege rutiner som gjed sakshandsaming av søknader om økonomisk stønad og opplysning, råd og rettleiing
10. Samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og NAV Hordaland om oppfølging av ungdom med lovfesta rett til vidaregåande opplæring
11. Oversikt over tal klagar for brukergruppa tilsynet omfatter for 2016 og 2017
12. Meland kommune sin strategiplan 2016-2019
13. Tenestestandard for NAV Meland
14. NAV sitt «mål og disponeringsbrev»
15. NAV Hordaland sitt mål og disponeringsbrev
16. Presentasjon powerpoint «Ung jobb», avtalemål
17. Oversikt over alle vedtak om økonomisk stønad og råd/rettleiing for 2016 og 2017 for brukergruppa tilsynet omfatter
18. Kopi av siste 20 vedtak med tiløyrande søknader Kopi av aktivitetsplanar. (untatt offentlighet)

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Helse- og
sosialavdelinga

5020

BERGEN